

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Høring: NOU 2002:1 Fortid former framtid.

Kulturminneutvalet si utredning *NOU 2002:1 Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk* inneheld mange interessante og framtidsretta element sett frå Lyngheisenteret si side. Som ein institusjon tufta på forskning, fagformidling og heilskapleg forvaltning av kulturlandskapet på kysten, ser vi spesielt positivt på utredninga si vektlegging av *kunnskapsformidling og haldningsskapande aktivitet for ungdom*. Vi har gode røynsler med at pedagogisk verksemd knytt til kulturminne og kulturlandskap styrkar forståinga for kulturarven og ei bærekraftig ressursforvaltning.

Vi vil og framheva utvalet si vektlegging av kulturarven knytt til samspelet mellom menneske og miljø – i *skjæringspunktet mellom natur og kultur*. Dette er eit felt som tradisjonelt har vore forsømt avdi det fell mellom fleire fagdisiplinar. Samstundes er samspelet mellom natur og kultur eit område kor vi i dag burde ha store *internasjonale forpliktingar*. Framleis har vi autentiske kulturtradisjonar og levande dømme på ulike former for naturbruk som for det meste har forsvunne frå resten av Europa. Difor er det viktig å få fram kunnskapen og hegna om kulturarven knytt til dette feltet medan det enno er mogeleg.

Vern og forvaltning av kulturlandskap.

Dette er eit tema som berre i liten grad vert drøfta av utvalet. I staden vert omgrepa "kulturminne og kulturmiljø" konsekvent nytta gjennom heile utredninga. Slik omgrepet "kulturmiljø" vanlegvis vert definert kan det omfatta kulturlandskapet, men det treng ikkje gjera det. Likeeins er det med ordet "landskap". I dei seinare åra har fleire fagmiljø gått over til å bruka det i staden for "kulturlandskap". Dette kan det vera gode faglege grunnar for, men i ei utredning om kulturminnepolitikk kan det lett føra til at "barnet vert kasta ut med badevatnet".

Ingen del av den norske kulturarven forsvinn i dag i så høgt tempo som dei biologiske kulturspora knytt til menneskeprega naturtypar – både langs kysten og på fjellet, i utmark og på innmark. Til dels kan det vera vegetasjonstypar skapt av menneske for fleire tusen år sidan og halden ved like gjennom historiske driftsformer fram til i dag. Dels kan det og handla om einskildelement som til saman synleggjer heilskapleg utnytting av lokale ressursar.

Mange fysiske kulturminne får berre meining når dei ligg i sitt opphavslege miljø. Til dømes vil vern av ei stølsbu ha liten verdi om bøen rundt gror att og ho vert liggjande i tjukkaste krattskogen. Til skilnad frå andre kulturminne er dei biologiske kulturspora dynamiske og avhengig av særskilde driftsformer for å haldast i hevd. Vern av slike "biologiske



kulturminne" må difor tuftast på praktisk erfaringskunnskap om korleis dei naturgitte ressursane vart nytta. Likeeins er det viktig med økologisk innsikt i kvifor slike system kunne fungera på ein bærekraftig måte ofte gjennom fleire tusen år.

I tillegg til å vera vesentleg for vår kulturarv, har kulturlandskapet mange andre verdiar. Til dømes finn vi ein viktig del av vårt biologiske mangfald i kulturlandskapet. Det må og nemnast at fleire av dei gamle husdyrrasene best vert teken vare på gjennom aktiv drift på tradisjonell kulturmark. Dei representerar eit særtilhøve av både kulturarv og biologisk mangfald.

Det er utgitt mange bøker om kulturlandskapet dei siste 20 åra. Dei synleggjer litt av den omfattande kunnskapen som ligg føre på dette feltet. Som kulturvern er bokleg kunnskap likevel lite verd dersom originalen – det levande kulturlandskapet – samstundes forsvinn. Det vert omtrent som å la stavkirkene forfalla avdi det er utgitt så mange flotte bøker om dei. Skal vi fortsatt kunne rekna oss som ei kulturnasjon, må kulturarven kunne opplevast i praksis, ikkje berre i ei bok.

Held utviklinga fram som i dag, vil mykje av den praktisk-økologiske kunnskapen som er naudsynt for å halda kulturlandskapet i hevd snart vera borte. Dette opplever vi ofte på Lyngheiseret. Stadig oftare kjem det førespurnader frå brukarar langs med heile kysten om korleis dei skal gå fram for å ta vare på kulturlandskapet. Det dei etterspør er det som var kvardagskunnskapen til deira besteforeldre!

Det er eit sagn ved utredinga at ikkje den biologiske delen av vår kulturarv vert drøfta meir inngåande. Vern og forvalting av kulturlandskapet er ein stor utfordring både praktisk, kunnskapsmessig og ikkje minst økonomisk. Det krev tverrfagleg innsikt, planlegging og samarbeid mellom ulike etatar. Dette er så vidt omtalt i boks 7.2 og 11.6, men burde etter vår vurdering ha vorte drøfta langt meir inngåande.

Grunngjevinga for den manglande drøftinga av kulturlandskapet kan sjå ut til å liggja på side 62. Her er ulike problem knytt til reindrifta sitt kulturlandskap drøfta på ein framifrå måte som vi fullt ut støttar. Mykje av det som her vert nemnt, gjeld like mykje også for kulturlandskapet i resten av landet. Samme stad står det: *"Reindriftas kulturlandskap omfattes i dag ikke av landbruksmyndighetenes kulturlandskapsmidler"*. Dette kan tolkast som om utvalet meiner at ansvaret for kulturarven knytt til kulturlandskapet kan overlatast landbruket åleine. Dette er vi ikkje samd i. Tilfredsstillande vern og forvalting av kulturlandskapet kan berre utviklast gjennom tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid, kor både Miljøvern-, Landbruks- og Kulturdepartementet tek aktivt del.

Lygra, den 28. juni 2002

Med venleg helsing

Mons Kvamme
direktør